

BERGEN AIRPORT TAXI SA
Kokstadvegen 46
5257 KOKSTAD

Dato: 17.10.2016
Vår ref.: 2015/6943-35
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

SØKNAD OM ENDRING AV KØYRETIDER FOR RESERVELØYVE KNYTT TIL BERGEN AIRPORT TAXI SA

Samferdselsavdelinga viser til e-post av 10.10.2016 frå Bergen Airport Taxi SA (BAT) der sentralen søker om endring av køyretider for reserveløyva knytt til sentralen.

Dei *generelle* køyretidene som er vedlagt e-posten kan ikkje godkjennast slik dei no ligg føre fordi desse tidene i for liten grad avgrensar bruken av reserveløyva.

Når det gjeld dei *ekstraordinære* køyretidene kan ein godkjenna natt til 1. mai, 1. og 2. påske- og pinsedag samt julebordsesongen. Vidare kan ein godkjenna køyring ved store konsertar/festivalar, men ein ynskjer å få desse spesifisert.

Ein kan ikkje godkjenna køyring frå 16. mai til skuleslutt. Alle reserver kan køyra fritt heile 17 mai. og under Festspillene i Bergen.

Dersom BAT ikkje lenger vil nytta dei køyretidene som sentralen fekk godkjent 05.04.2016, kan sentralen frå d.d. nytta køyretidene for reserveløyve fastsett av løyvestyresmakta. Desse går fram av brev til alle sentralane av 06.04.2016, sjå vedlegg. Desse skal evaluerast i samband med drosjeevalueringa for 2016.

Om BAT ynskjer eigne køyretider må sentralen leggja fram nye køyretider for godkjenning som ikkje går utover tidene fastsett av løyvestyresmakta.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Køyretider for reservedrosjane